

Til
Lindås kommune

23.05.2016

Søknad om kulturmiddlar/prosjektstøtte – salmekveld med Edvard Hoem

Alversund Mållag, i samarbeid med Alversund kammerkor, søker med dette om tilskot frå kulturmidlane til prosjektet "No stig vår song" – ein salmekveld med Edvard Hoem der forfattaren sjølv medverkar. Datoen er 25. september, staden er Knarvik kyrkje.

Edvard Hoem har i meir enn 40 år vore ein av dei mest kjende forfattarane i Noreg, og ein av dei absolutt viktigaste nynorskforfattarane. Produksjonen femner om romanar, skodespel, biografiar og ulike former for lyrikk. Han har skrive meir enn eit førtital salmar, og er representert i Norsk salmebok (2013) med elleve eigendikta og éin omsett salme. Det er desse salmane som er temaet for kvelden. Hoem vil presentera salmane og Alversund kammerkor framføra dei, dels med solistar, dels som allsong.

Budsjettet har ei ramme på kr 43 000, som vist nedanfor. Vi søker om eit tilskot, eventuelt som underskotsgaranti, på **kr 10 000**.

Utgifter		Inntekter	
EH, honorar	10 000	Billettinntekter à kr 200	33 000
EH, reise, opphold	5 000	Kulturmiddlar/underskotsgaranti	10 000
Hus, straum, teknisk utstyr	2 000		
Annonsering	13 000		
Kunstnarlege utgifter	8 000		
Ymse utgifter: blomar, papir	5000		
SUM	43 000	SUM	43 000

Honorar og utgiftsdekning er avtala med Edvard Hoem etter standardkrav. Dei to arrangørlaga er solidarisk ansvarlege for økonomien i prosjektet.

Alversund Mållag og Alversund kammerkor er merksame på at Lindås kommune ønskjer at kulturmidlane særleg skal rettast inn mot tiltak for born og unge. Vi kjem derfor til å la *unge under 16 år gå gratis*. Vanleg billettpolis vert kr 200.

For Alversund Mållag og Alversund kammerkor

Inger-Helen Midtgård

Inger-Helen Midtgård
leiar, Alversund Mållag
Adresse: Leknesvegen 213
5915 Hjelmås

Kopi: Ragnhild Arnesen, leiar i Alversund kammerkor